

Forskrift om bruk av restlysforsterkande og termiske siktemidler ved jakt på hjortedyr i Sula kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Sula kommune xx.x.2026, med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 26, og forskrift av 22. mars 2002 nr. 313, sist endra 26. juni 2026 om utøving av jakt, felling og fangst § 29 a fjerde ledd.

§ 1. Tillatt bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Det vert opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjortedyr i heile Sula kommune.

Bruken av restlysforsterkande og termiske siktemiddel skal avgrensast til jakt i ope terreng. Med «ope terreng» meiner ein her terreng som stort sett er fritt for hindringar som bygningar og tre. Døme på dette er åker, eng og beitemark. Det kan også vere opne areal på skogmark, som hogstflater, naturlege opningar utan høgt feltsjikt- og buskvegetasjon og område der skogen er høgstamma og glissen. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved felling av hjortedyr i Hjorteviltregisteret

§ 2. Ikrafttredelse:

Denne forskrift trer i kraft straks og gjelder i fem(5) jakt sesonger, 2026, 2027, 2028, 2029 og 2030.